



Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS  
Fotlandsvegen 39  
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykker:

Vår: 21/9497 - 21/78867

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

22.11.2021

## **Mellombels svar søknad om utslepp av oljehaldig avløpsvatn - gbnr 322/218 Mjåtveit**

**Tiltak:** Søknad om løyve til påslepp av oljehaldig avløpsvatn  
**Byggjestad:** Rosslandsvegen  
**Tiltakshavar:** Åsane Mek Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje lagt ved berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg. Det ligg berre føre opplysningar om innvedig vaskehall på 69 m<sup>2</sup>.

Utstyr som spyle-/tappekraner (dimensjoner må oppgis), høgtrykkspylere, bilvaskmaskin eller antall innvendige vaskeplasser må oppgis i berekningsgrunnlag. Dersom vaskehall skal nyttast til fleire små vaskeplasser må dette også oppgis (dette har ikkje innverknad på anlegget sin størrelse, men på val av sandfang).

Berekningsgrunnlag vil gje ei indikasjon på om avløpsvatnet får nok opphaldstid i anlegg til at oljen kan vert skilt ut. Alver kommune tek utstyr som er med berekningsgrunnlaget inn i løyvet.

2. Det er ikkje lagt ved bunnleidningsplan som viser sluker/renner som skal føre oljehaldig avløpsvatn til utskiljar. Plassering av innvendige tappekraner skal også være vist i planen.
3. Eigedom har fått nytt gards og bruksnummer. Det er ønskelig at det vert sendt inn ny søknad på rett gards og bruksnummer slik at anlegg vert søktbart i vårt system for fremtidig registrering av rapporter. Eigedom har i dag gbnr 322/ 278.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.12.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Åsane Mek Eiendom AS

5281

VALESTRANDSFOSSEN

### **Mottakarar:**

Mjelstad og Stokke  
Rørleggerforretning AS

Fotlandsvegen 5282  
39

LONEVÅG